



Møteprotokoll

Råd: Gjesdal sokneråd

Dato og tid: 04.12.2025, 19:00

Stad: Oltedal kyrkje

Saksmappe: GSR2025-25

Til stades: Olga Slettebø Gilje (leiar), Svein Madland (Nestleiar), Leif Hadland (Prest), Sverre Undheim (sekretær), Berit Sola Gilje (Medlem), Jarle Gilje (Medlem), Oddrunn Helen Dubland Sivertsen (Medlem), Svein Ingve Nødland (Medlem), Bjørg Bollestad (Varamedlem)

Forfall:

Protokollfører: Sverre Undheim

Sakslista

Faste Saker

056/25 Godkjenning av innkalling og referat fra sist møte.

Møtesaker

057/25 Møteplan vår 2026

058/25 Konsert Kjell Elvis

059/25 Strategidag 2026

060/25 Strategiplan Gjesdal sokn

061/25 Budsjett 2026

Orienteringssaker

00038 Gudsteneste andre påskedag

00039 Nytt frå stab

00040 Nytt frå fellesrådet

00041 Status gjevarteneste

00042 Årshjul sokneråd

Olga Slettebø Gilje
leiar

Leif Hadland
Prest

056/25 Godkjenning av innkalling og referat fra sist møte.

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Sverre Undheim	04.12.2025	056/25

Saksframlegg

Godkjenning av innkalling og referat fra sist møte.

Forslag til vedtak

Innkalling og referat fra sist møte godkjennes.

Vedtak

Innkalling og referat fra sist møte godkjennes.

057/25 Møteplan vår 2026

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Sverre Undheim	04.12.2025	057/25

Saksframlegg

Dato AU	Dato	Opning	Mat
22.januar	5.februar	Oddrunn	Björg
19.februar	5.mars	Berit	Olga
26.mars	9.april	Jarle	Svein Ingve
16.april	7.mai	Svein	Oddrunn
28.mai	11.juni	Björg	Berit

Forslag til vedtak

Soknerådet vedtek møteplanen for 2026

Vedtak

Soknerådet vedtek møteplanen for 2026

058/25 Konsert Kjell Elvis

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Sverre Undheim	04.12.2025	058/25

Saksframlegg

Signe Edland har kome med eit forslag om å arrangere ein konsert i Oltedal kyrkje med Kjell Elvis. Ho har allereie vore i kontakt med han og han er ledig 16. april. Han tek 20.000kr for den jobben og staben har trua på at me greier å tene inn den utgifta igjen. Signe ynskjer at soknerådet står formelt som arrangør for dette arrangementet og tek ansvar for økonomien.

Forslag til vedtak

Soknerådet takkar Signe for eit flott initiativ og ynskjer gjerne å stå som arrangør og ha det økonomiske ansvaret.

Vedtak

Soknerådet takkar Signe for eit flott initiativ og ynskjer gjerne å stå som arrangør og ha det økonomiske ansvaret.

059/25 Strategidag 2026

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Sverre Undheim	04.12.2025	059/25

Saksframlegg

Staben føreslår å ha strategidag 22. januar 17:00 til 21:00.

Forslag til vedtak

Soknerådet inviterer stab til ein strategidag i Oltedal kyrkje 22. januar frå 17:00 til 21:00, med kveldsmat.

Vedtak

Soknerådet vil gjerne invitere til ein strategidag, men 22. januar passar ikkje. Soknerådet håpar at staben kan kome 20. eller 21. januar.

060/25 Strategiplan Gjesdal sokn

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Sverre Undheim	04.12.2025	060/25

Saksframlegg

Etter arbeid med strategiplanen til Gjesdal sokn denne hausten er eit fyrsteutkast klar. Me drøfter utkastet og gjer evt. endringar i møtet. Etterpå drøftast planen i staben før me til slutt tek ei arbeidsøkt saman stab og sokneråd på ein strategidag på nyåret. Soknerådet vedtek endeleg plan fyrste møte etter strategidagen.

Forslag til vedtak

Soknerådet vedtek fyrsteutkast til strategiplanen og ber stab drøfte den før stab og sokneråd arbeider med planen på strategidagen på nyåret. Vidare ynskjer soknerådet å vedta endeleg plan fyrste møtet etter strategidagen.

Møtebehandling

Soknerådet arbeida seg gjennom heile planen for å sjekke at alt har kome med. Soknerådet ynskjer å fjerne punktet om "trygge rom".

Under siste punkt i fyrste del av planen vil soknerådet understreke at me treng frivillige til å organisere frivillige. Det er fleire som ynskjer å bidra, men ikkje vil stå framme å gjere noko framfor ei forsamling. Under den fjerde delen i planen ynskjer soknerådet at det legges til eit punkt som seier noko om å fange opp dei som er ferdige konfirmantar. Planen skal gjelde ut peridoen til neste råd, 2031, og evaluerast når nytt sokneråd vert valt.

Vedtak

Soknerådet vil understreke i siste punkt i fyrst del av planen at me treng frivillige til å organisere frivillige, fjerne punktet "Saman i trygge rom". Under den fjerde delen i planen legg soknerådet til eit punkt som seier noko om å fange opp dei som er ferdige konfirmantar.

Soknerådet vedtek fyrsteutkast til strategiplanen med nevnte endringar og ber stab drøfte den før stab og sokneråd arbeider med planen på strategidagen på nyåret. Soknerådet vil og at strategiplanen skal gjelde til 2031 med evaluering når nytt sokneråd vert valt. Vidare vil soknerådet å vedta endeleg plan fyrste møtet etter strategidagen.

061/25 Budsjett 2026

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Sverre Undheim	04.12.2025	061/25

Saksframlegg

Vedlagt er fyrsteutkast til budsjett for Gjesdal sokn 2026 utarbeida av dagleg leiar i samarbeid med staben i Gjesdal sokn.

Hovedbudsjettet har eit mindreforbruk på rett under 70.000kr. Budsjettet er periodisert slik at det er lettare å fylgje med på korleis me ligg an i forhold til budsjettet gjennom året.

"Uten prosjekt" er budsetttert med nesten 60.000kr i mindreforbruk. Me har budsetttert med fårikålkveld i 2026 og med dei inntektene som fylgjer. Renteinntekter på milliongåva havnar og inn her. Soknet får refusjon for klokkarløn, og offer til kyrkjelydsarbeidet. Utgifter går blant anna til blomar i gudstenestene, kyrkjekaffi, open kyrkje og fårikålkveld. Det er og budsetttert med utgifter til grafisk design.

Trusopplæringa går og med mindreforbruk tross oppjustering av utgifter grunna auke i aktivitetar no som kyrkjelydspedagogen er tilbake. Årsaka til mindreforbruket er at soknet ikkje lengre har lønsforpliktinger knytta til kyrkjemusiker på Ålgård, og at gjevartenesta er justert opp i tråd med vedtak i soknerådet om å auke gjevartenesta med 60% i løpet av dei to neste åra. Det er ikkje teke høgde for permisjonen til kyrkjelydspedagog.

Tweensklubben er det ikkje budsetttert med drift.

Konfirmantarbeidet er budsetttert i null. Det er aukte inntekter i 2026 så utgiftene til konfleir er auka slik at konfirmantane kan ta buss til leir i staden for å få foreldre til å køyre.

Diakonien er budsetttert med eit lite meirforbruk då utgiftene til damenes aften og eldrefesten har auka noko dei siste åra. I og med hovedbudsjettet har eit ganske stort mindreforbruk ser ikkje dagleg leier på dette som noko problem.

Forslag til vedtak

Soknerådet vedtek vedlagt forslag til budsjett for Gjesdal sokn 2026 og vedtek endeleg budsjett i februarmøtet.

Vedtak

Soknerådet vedtek vedlagt forslag til budsjett for Gjesdal sokn 2026 og vedtek endeleg budsjett i februarmøtet.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	04.12.2025	00038

00038 Gudsteneste andre påskedag

Informasjon

Justeringar i gudstenestelista?

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	04.12.2025	00039

00039 Nytt frå stab

Informasjon

- Vellukka brannøving i Oltedal kyrkje 16. november
- Maciej har sin siste arbeidsdag 30. november
- Solveig Steinberg Høyland har fått innvilga forlenga permisjon i 10% fram til 21. mars 2026.
- Sverre Undheim har fått 100% fast stilling som dagleg leiar i Gjesdal sokn og Ålgård menighet. Han skal og ha foreldrepermisjon frå midten av februar til midten av juni. Kyrkjevergjen vert saksbehandler for soknerådet i denne perioden. Sverre fortsett oppfølging av økonomien.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	04.12.2025	00040

00040 Nytt frå fellesrådet

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	04.12.2025	00041

00041 Status gjevarteneste

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	04.12.2025	00042

00042 Årshjul sokneråd

Informasjon

Forslag til årshjul til soknerådet vert presentert i møtet.